

Rådsordfører Per Halse

Takk, Ivar Aasen!

Tale ved 25-års-høgtida for Nynorsk kultursentrum, Laguneparken i Ørsta 28.9.2018

Jubileum, runde åremålsdagar, gjev påskot til å sjå seg både attende og framover. Då Ivar Aasen runda førti, skreiv han eit langt dikt som tok til slik:

Her er ein høvelag Kvilestad,
her ser du langt tilbaka.
Prøv no, um du kann vera glad,
og nokon Hugnad smaka.
Rekna no ut, kor lengje d'er
du heve voret paa Vegen,
sjaa, so, kor langt du komen er,
og kjenn, um du verder fegen.

Aasen sette høge krav til seg sjølv, og han var ikkje nøgd med måten han hadde utnytta fyrste halvdelen av livet på: «Endaa er du'kje vorden Mann, / endaa gjeng du i Læra, / endaa vel knapt du tala kann / og liva med Folk med Æra».

Han Ivar *var* smålåten, men han hadde alt då gjort storverk. Han fylte førti i 1853, og då hadde han lagt grunnlaget for det nynorske skriftspråket med fyrsteutgåvene av grammatikk og ordbok, og han hadde nettopp gjeve ut *Prøver af Landsmaalet i Norge* som var den aller fyrste boka på nynorsk.

Dei nemnde diktstrofene vitnar kanskje om ei slags «førtiårskrise», men etterpå fekk han nye fire tiår med meir innsamling, systematisk dokumentasjon og førebiletleg bruk av det norske språket. Mange av dikta hans vart raskt folkekjære songar som er velkjende den dag i dag. Og han brukte mykje tid på rettleiing av andre som tok folkespråket i bruk både munnleg og skriftleg.

Livsverket hans Ivar Aasen la grunnen for eit moderne samfunn med språkleg mangfald. Kulturelle klasseskilje vart utfordra, og bygdefolk fekk styrka sjølvkjensle – slik Tarjei Vesaas formulerte det så meisterleg i hyllingsdiktet til 150-års-feiringa i 1963:

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld –
den stille nedbrytaren av grenser,
den rolege og sikre
oppbyggaren i eit folk.

Ja, Aasens livsverk er det verkeleg grunn til å vere både takksame for og stolte av. For 25 år sidan vart Nynorsk kultursentrum skipa for å gjere verket hans og fruktene av det betre kjende for lek og lærd i alle aldrar over heile landet og vidare med. I boka *Den store ideen* som direktør Ottar Grepstad har sett saman no til jubileet, finn me mange interessante både bilete og tekster frå denne nære historia, og eg vil dele nokre *glimt* derifrå.

Vinteren 1996 måtte kommunestyra i Volda og Ørsta ta stilling til om dei ville løyve *sine* delar av millionane som laut til for å realisere det nye nasjonale senteret i Aase-tunet. På

skotårsdagen 29. februar vedtok Volda å yte *sin* skjerv, og fire dagar etterpå var saka på kartet i Ørsta kommunestyre. Dei folkevalde som var med og sikra prosjektet fortener ære, og lat meg få drage fram nokre av poenga frå debatten i det møtet:

«Ivar Aasen var smålåten, men verket hans var ikkje det», sa Per Atle Røe. «Vi er heldige som får eit nasjonalt kulturbygg hit», slo Anne Ellingsen fast. «Det er ei fantastisk løyving frå staten», meinte Unni Brenk Rønning, og ho la til at «Dette gir både inntekter og arbeidsplassar og kan få folk til å bli her som elles ville ha flytta». Ja, det er «ei viktig sak for regionen og eit økonomisk krafttak», følgde Tor Nordang opp, og han meinte at senteret ville gje Ørsta kommune mykje gratisreklame.

Kari Garshol Welle framheva at «Aasen var eit geni, og utan kulturelle opplevingar blir livet fattig». Ho minte om at «målretta arbeid krevst for å styrkje nynorsken» og at «det er ei stor ære for Ørsta at staten vil gjere dette». Stein Aam var i tvil, men trudde det var «rett å heve blikket»; for – som han sa – «Vi kan ikkje vere dårlegare enn Volda». Brynjulf Skurtveit følgde opp med at «Det ville vere ei skam å gå mot når Volda går inn utan å vere vertskommune».

Visst var her motstand også i Ørsta, men der saka i Volda hadde gått gjennom med berre eit par røyster i overvekt, sa kommunestyret i Ørsta eit rungande JA med heile 34 mot fem.

Truleg hadde det sitt å seie korleis saka var førebudd – også av administrasjonen her. Kommunale saksførelegg og innstillingar kan ofte vere tørr og til dels kronglete lesnad. Men eg vil dele med dykk eit sitat frå min gode gamle granne og namnebror Per Hovden. Han var ein dugande og respektert byråkrat i det kommunale Noreg – og rådmann i Ørsta gjennom ein mannsalder. Eg hugsar at han ofte drog fram og siterte frå dei mange diktarane bygda vår har fostra, og i innstillinga til formannskapet i februar 1996 formulerte han kloke og framsynte ord i meningsfulle setningar som ikkje er mindre aktuelle i dag:

«Ei større kultursatsing treng ikkje alltid å måtte forsvarast i kroner og øre. Kultur er ein verdi i seg sjølv som skaper trivsel i sosialt samvær og for enkeltmennesket, og som lyfter oss opp over kvardagens slit og strev. Men kultur har også Alvorets tone i seg. Kultur skal verne oss og vørdsle om vår historie, vår kultur, vårt språk og veremåte. Kultur skal like mykje vere i notid som i framtid, og det er 'vern av vår framtid' som gjer det så viktig å få reist Det nasjonale kulturbygget i Ivar Aasen-tunet.»

Vern om framtida. Forming av samtid og framtid; det er det me held på med. Det var ikkje eit lokalt nisje-museum for Søre Sunnmøre som vart skipa for 25 år sidan, men ein nasjonal kulturinstitusjon. Det syner seg no tydeleg gjennom dei spennande og nyskapande avdelingane i Ulvik og i Vinje så vel som i dei mange digitale ressursane som når nye målgrupper gjennom Internett.

Ivar Aasen gjorde eit grunnleggande storverk. Vår eigen Råde-Per og mange andre byråkratar, folkevalde lokalt, regionalt og nasjonalt, lærarar og bønder, syngande, skrivande og snakkande nynorskingar, alle har sytt og syter for at Aasens gjerning ikkje får støve ned i gamle arkiv og bibliotek, men at det er ei frisk og blømande arv. Nett slik som Tarjei Vesaas avrunda hyllingsdiktet sitt:

Underleg det som søv.

Og underleg den som vekker det.

Ivar Aasen og vi andre

vart dette vakre samspel.

Tusen takk, Ivar Aasen! Og takk til alle som var med og gjorde ideen om eit nasjonalt kultursentrum til røyndom. Me har god grunn til å ynskje kvarandre hjerteleg til lukke med jubileet!